



**Sakshandsamar:**

Eva Kristin Svidal  
E-post: eva.kristin.svidal@sfj.no  
Tlf.: 91169693

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/6933-38  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

50723/18

**Dykkar ref.**

**Dato**

FØRDE, 09.11.2018

## Fylkeskulturprisen 2018 - innkomne forslag til kandidatar i 2018

Nr	Kandidat	Sjanger	Informasjon/grunngeving for framlegget
1	Anne Regine Sønderland, Måløy	Frivillig arbeid	Anne Regine Sønderland har vore med som frivillig og leia kostymearbeid for Opera Nordfjord sidan starten i 1998. I tillegg for Elskhug & Eksis, Årringar og Eid vgs. sine fullsceniske musikalar, totalt 49 produksjonar. Ho har også bidrege ved andre oppsetjingar som Kimen av Magnar Åm under Dei Nynorske festspela i 2018 og musikk-komedien Til Seters med Toralv Maurstad i Operahuset Nordfjord i 2009. Sønderland er ein framifrå representant for lokalt dugnadsarbeid som får andre til å glitre på scena.
2	Terje Sølvberg og Helge Hjelle	Frivillig arbeid	For mangeårig innsats for å realisere Måløyraidsenteret som vart opna i år. For å ha bidratt til at HERADSHEIM har blitt restaurert.
3	Katrine Sele	Forfattar	Katrine Sele har markert seg med fleire bokutgjevingar og glimrande journalistikk. I 2006 gav ho ut boka "Herifrå", det mest slående portrettet av identiteten her i fylket nokon gong. Av andre bokutgjevingar kan nemnast: <ul style="list-style-type: none"><li>• Tvisynt tvilar: eit portrett av Oddvar Torsheim</li><li>• Kenneth: historia om Kenneth Sivertsen (2013)</li><li>• Jølster hotell: historia om eit asylmottak (2017)</li></ul> I tillegg har ho bidrege med tekstar til mellom anna <ul style="list-style-type: none"><li>• Godnattboka, Eventyrboka, Trøysteboka</li><li>• Det fleirspråklege Noreg</li><li>• Ete fysst: 18 forteljingar om Sunnfjord</li></ul> Sele er tildelt presseprisen til Sogn og Fjordane journalistlag i 2000 og 2005, Sivleprisen i 2008 og Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2012. I 2015 vann ho prisen for årets beste forskingsartikkel.
4	Svanøy Folkeakademi	Frivillig arbeid	Svanøy Folkeakademi har varierte arrangement for store og små. Desse blir ofte haldne i utkanten der folk ikkje har dei store kulturtilboda.
5	Kristen Arnestad	Båtbyggjar, tradisjons båtar	Kristen Arnestad er ein særskild dugande og viktig nestor og kulturbærar innan bygging av klinkbygde nordfjordbåtar. Han er ein tidlaus representant for alle klinkbåtbyggjarane i fylket, i notid som fortid. Han er no 79 år og har bygt langt over 100 båtar. Klinkbåttradisjonen er ein sentral del av vår kystkultur og maritime kulturarv, både i norsk og nordisk samanheng. Gjennom ei satsing i regi av Forbundet Kysten har Kristen Arnestad no tatt inn ein lærling frå Gloppen. Soleis er han med å sikre at kunnskapen og tradisjonen blir vidareført. Arnestad er ein stor ressurs for alle som er opptatt av tradisjonsbåtar og kyst- og fjordkultur. Han fekk Gloppen kommune sin kulturpris 2017.

6	Teaterfestivalen i Fjaler/Torkil Sandsund/Miriam Prestøy Lie/Ingrid Hansen	Festival	<p>Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie starta Teaterfestivalen i Fjaler i 2013. Ingrid Hansen har vore festivalprodusent sidan starten. Teaterfestivalen i Fjaler har som mål å skape møtepunkt mellom kunsten og bygda på fleire nivå. Festivalen presenterer engasjerande scenekunst av høg kunstnarleg kvalitet. Programmet kjennes relevant både for bygda og teatermiljøet i Norge. I løpet av festivaldagane inviterer ein også til debattar, føredrag og andre aktivitetar med utgangspunkt i ulike tema. Overbyggande tema for festivalane har vore:</p> <p>2013 Perifere historier  2014 Skog  2015 Fjord  2016 Ras  2017 Antropocen  2018 Utanforskning</p> <p>Torkil Sandsund er utdanna regissør, Miriam Prestøy Lie er teaterregissør og dramatkar. I arbeidet med teaterfestivalen har Lie ansvar for programmet og Sandsund for det tekniske. Sidan Dale manglar både hotell og kulturhus er det eit stort løft for bygda å få til ein teaterfestivalen på staden. Det blir lagt ned ein stor dugnadsinnsats knytt til teknisk tilrettelegging og organisering av overnatting for aktørar og tilreisande publikum. Sandsund og Lie og Teaterfestivalen i Fjaler er gode til å trekkje fram viktige samfunnsprosmål og gjere dei aktuelle på nye måtar. Dei har auka mangfaldet av teateruttrykk i fylket.</p>
7	Dugnadsgjengen på MS Atløy	Frivillig arbeid, Kystkultur	<p>Jobben dei gjer for å ta vare på ein Veteranbåt og kystkulturen rundt desse fartøya. Drift, vedlikehald og restaurering vert gjort av Atløys Venner, som årleg legg ned mellom 10 og 15 000 timar dugnad. Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Riksantikvaren har det faglege ansvaret for restaureringa. M/S Atløy er eigd av andelslaget A/L Atløy</p>
8	Stig Høyenes	Frivillig arbeid	<p>Nettredaktør for <a href="http://www.haugenfootball.no">www.haugenfootball.no</a>  Fylkesdekkande nettside som Stig Høyenes har drifta i mange år med daglege oppdateringar. Kampreferat og bilde frå lokale lag i heile fylke både for aldersbestemte klasser og seniorfotball. Likevekt på, dame og herre, gut og jente. Stig Høyenes gjer ein fantastisk jobb for bredde og klubbefotball i heile fylket.</p>
9	Kystmuseet i Sogn og Fjordane	Museum	<p>Store besøkstal, stor auke i aktiviteter og publikum. Godt pedagogisk arbeid. Kystmuseet i Sogn og Fjordane er ei avdeling under Musea i Sogn og Fjordane.</p>
10	Kalvåg Kystlag	Frivillig arbeid	<p>Kalvåg Kystlag er ein organisasjon som fremmar kystkultur og handverksmessige tradisjonar. Laget har i ei årrekke vore arrangør av Kalvåg kystfestival, ein lågbudsjett og lågterskel festival for folk i alle aldrar som vidarefører kystkulturelle aktivitetar og som bind folk saman på tvers av generasjonar. Frivillige eldsjeler restaurerer og held ved like gamle båtar for eigne midlar og arbeidskraft. Båtane blir brukt i ulike samanhengar frå festleg lag til kappestrid og turar langs kysten. Kalvåg kystlag er ein viktig hjørnestein og brbyggjar mellom tradisjon og generasjon og bidrar til å vidareføre Kalvåg sin autentisitet og identitet på ein førebiletleg måte, til stor glede både for fastbuande og tilreisande. Laget fortener all mogleg støtte og hyllest for sitt arbeid.</p>

11	Ten Sing rørsla/arbeidet i Sogn og Fjordane	Barn og unge	Ten Sing ungdomsarbeid i regi av KFUK-KFUM har vore viktig for Sogn og Fjordane i fleire tiår. I år vert det markert 50 år med Ten Sing i Norge! Ten Sing har vore eit svært viktig ungdomsarbeid i mange bygder i store deler av fylket. Det har vore Ten Sing i Vågsøy, Nordfjordeid, Sandane, Stryn, Oppstryn, Hyen, Jølster, Førde, Florø, Askvoll, Dale, Årdal, Luster, Sogndal og Leikanger. Ten Sing har vore svært viktig som rekruttering til musikkmiljøet i Norge. Men aller viktigast er dei mange, mange ungdommar har funne sin plass i eit kreativt miljø, blitt sett og utfordra til å ta på seg nye oppgåver og ansvar, for Ten Sing er så mykje meir enn musikkarbeid.
12	Per Fossøy	Frivillig arbeid	For sin innsats for folkemusikken med speling til Lustringen og LHL, og mange år i Jostedal spel og dansarlag.
13	Finn Loftesnes, Sogndal og Oddleiv Apneseth, Gaular	Fotografar	To fotografar som på kvar sin måte gjennom fotografi har dokumentert og sett Sogn og Fjordane på kartet nasjonalt. Både Finn Loftesnes som naturfotograf og Oddleiv Apneseth som presse- og kunstfotograf har vist at fotografi på ulike måtar er viktige for kulturen både her i fylket og nasjonalt.
14	Dagfinn Hegg Lunde	Bygdetun	Har sidan 1994 restaurert og bygd opp Borlo bygdetun og kulturminner. Stiar, kongeveg og bygningar fylt med landsbrukshistorie, veghistorie og lokalhistorie. Har også samla informasjon i form av fotografi og tekst. Bygdetunet tilbyr i dag omvising, arrangement, kinoframsying, konsertar og enkel servering og er eit av bedriftene knytt til prosjektet Kongevegen over Filefjell. Dagfinn Hegg Lunde tek vare på kultur og tradisjon der folk i alle aldrar kan få kulturkoppleingar
15	Per Odd Grevsnes	Frivillig arbeid	Per Odd Grevsnes er dagleg leiar ved Sogndal Skisenter. Han gjev av fritida si til alle i Sogn og Fjordane gjennom arbeidet han gjer for skisenteret/turområdet Hodlekke. Eit fantastisk tureldorado.
16	Jan Ketil Smørdal, Nordfjordeid	Sirkus	Jan Ketil Smørdal starta med å gå på slakk line mellom utedoen og epletreet heime i hagen i Hjelmelandsdalen. Etter å ha gått i lære hos Cirkus Merano, debuterte Smørdal som sirkusartist som 17 åring. I perioden 1983 – 1988 jobba han internasjonalt. I 1989 grunnla Smørdal Cirkus Agora, berre 24 år gamal. Han dreiv sirkuset fram til 2009. I 1996 var han ein av initiativtakarane til sirkuslinja på Fjordane Folkehøgskule der han også har vore lærar. Dei siste åra har Smørdal turnert med sirkusframsyningar i Den kulturelle skulesekken både i Sogn og Fjordane og nasjonalt. Han har også hatt framsyningar i barnehagar, på eldresenter og asylmottak. I 2017 fekk Smørdal på nytt livsverket Cirkus Agora på vegen som «vanleg tradisjonelt sirkus». Sirkuset har fått positiv omtale både av publikum og i lokale og nasjonale mediar. Jan Ketil Smørdal har sett Sogn og Fjordane på kartet både nasjonalt og internasjonalt gjennom å spreie sirkusglede og begeistring. Smørdal fekk Eid kommune sin kulturpris i 2003.
17	Tone Andal	Kunst	Tone Andal er initiativtakar til gatekunstprosjektet i Måløy. På dugnad finansierer og engasjerer ho gatekunstnarar til å dekorere veggjar i Måløy sentrum. Ho har sett Vågsøy på kartet på en ny og annleis måte.
18	Geirr Vetti	Kulturarv	Geirr Vetti har gjort ein stor innsats med å ta vare på og setje i stand eldre bygningar og kulturlandskap, og internasjonal kunnskapsformidling. Organiserer og er arbeidsgjevar for sherpaer som har jobba med å

			restaurere og sette i stand hus, stiar og vegar i heile landet. Fekk Luster kommune sin kulturpris i 2012. Er også tildelt Riksantikvaren sin kulturminnepris.
19	Margit Fløde	Frivillig arbeid	Margit Fløde har vore leiar for Stadlandet Ungdomslag i over 30 år. Laget har i denne perioden fått fylkeslaget sin aktivitetspris 8 gongar. Fløde har fått kommunen sin kulturpris –ein gong som privatperson, og ein gong som leiar for Stadlandet Ungdomslag.
20	Indre Ofredals Vener v/leiar Harald Thune	Kulturarv	Indre Ofredal var frå midten av 1800-talet til andre verdskrig eit viktig senter for handel og næringsverksemd i heile indre Sogn. Anlegget består av mellom anna sagnhus og mølle, og er det einaste av sin type som står att i fylket. Det har difor stor kulturminneverdi. Indre Ofredals Vener har sidan 2015 bidrege til å ta vare på, restaurere, drifte og utvikle staden som lokalt er kalla Ne´Fø Sjøen. Dei driv langsiktig planarbeid. På same tid har dei omvisingar, overnatting og servering. Dei har ei opa haldning til deltaking, og har i dag 160 medlemmar og eit styre på 7. Talet på dugnadstimer i 2017 var 6000. Samarbeid med private, næringsliv, kommunen, fylkeskommunen og Riksantikvaren. Årdal Kommune eig bygningane, og veneforeininga står for drifta. Harald Thune er eldsjel bak restaureringsarbeidet i Indre Ofredal i Årdal. Han har lagt ned mange dugnadstimar saman med dugnadsgjengen og er ansvarleg for å skaffe midlar til arbeidet.
21	Stryn Ping Pong Club	Kulturarrangement	Stryn Ping Pong Club er ein engasjert gjeng som gjennom fleire år har lagt ned tusenvis av dugnadstimer for å gjennomføre Oktoberfest i Stryn. Denne festivalen samlar kommunen til fest og feiring, og overskotet blir kvart år delt ut til lag og organisasjonar i kommunen som fremmar arbeidet for barn og ungdom.
22	Janne Karin Støylen	Litteraturformidling	Janne Karin Støylen er initiativtakar og prosjektansvarleg for Rom for ord – litteraturhus i distrikta. På biblioteket, i byen og i bygdene. Prosjektet er eigd av Førde kommune. Prosjektet har som føremål å styrke og utvikle eksisterande møteplassar/institusjonar med eit godt litterært tilbod. Janne Karin Støylen jobbar iherdig med litteraturformidling gjennom Rom for ord. Flotte bidrag til små og store arenaer i hele fylket. Med sitt smittande engasjement er Janne Karin Støylen umulig å stoppe når ho set i gang. Med arrangementa til Støylen blir fylket vårt enda betre å leve i.
23	Florø Taekwondo klubb	Idrett	Klubben har sidan 2011 bygd seg opp til å bli ein stor taekwondo klubb i norsk målestokk med over hundre medlem. I klubben trenar alle aldersgrupper frå 5år og oppover. Klubben er gjennomført inkluderande for alle med lav terskel for deltaking og store resultat innan mestring for store og små. Miljøet klubben skapar med disiplin, respekt, inkludering og forståing er ein viktig del av idretten i Florø, men og som samfunnsaktør med eit godt verdigrunnlag som formidlast alle som er med. Klubben har og med seg deltakarar frå andre delar av fylket både til gradering og trening. Foreldre og høgt graderte utøvarar legg ned mange dugnadstimar i trenarteamet.
24	Torkjell Djupedal	Kulturarbeid, forlagsverksemd	Selja Forlag har gitt ut 235 tittar av om lag 150 forfattarar sidan starten i 1996 . Med desse bøkene har Djupedal og Selja levert ei einestående kartlegging av Sogn og Fjordane fylke – historisk, kulturelt, kunstnarleg, geografisk, om samferdsle, natur og friluftsliv, mat og matkultur, det maritime, bedrifts- og organisasjonsliv og i form av biografier. Forlaget har vore ein viktig arena for mange skriveføre i Sogn og

			<p>Fjordane. Fleire av dei har kunna debutere som forfattarar takka vere Selja forlag.</p> <p>Bøkene frå Selja forlag er prega av solid handverk og høg kvalitet også på det ofte rike illustrasjonsarbeidet. Svært mange av bileta i bøkene har Torkjell Djupedal tatt sjølv. Torkjell Djupedal har i tillegg til å drive Selja Forlag i 32 år også vore sentral i å skipe til det kyrkjelege 950 – årsjubileet på Selja i 2018. I 2005 var han med å starte «Venner av Selja kloster» der han har vore leiar sidan starten. Laget har vore med å realisere Sunniva-statuen i kvit marmor og Olavssteinen på Kuberget. I 2009 tok han over Doktorgarden i Selje, sette huset i stand og har saman med kona Anna drive det som gjestgjevarstad i ni sesongar.</p> <p>Personleg og i kraft av det han har publisert av bøker, står Torkjell Djupedal fram som ein av dei finaste ambassadørane for Sogn og Fjordane.</p>
25	Arne Sunnarvik	Kulturarbeid for barn og unge	<p>Han kom som ung student tilbake til Florø og hadde eit brennande ønske og engasjement for å starte ein musikkskule i 1986/1987. 1988 ble musikkskulen starta og Arne brenn like fult for skulen og utviklinga av den dag. <a href="https://www.florakulturskule.no/">https://www.florakulturskule.no/</a></p>